

Dei som følgde draumen

SLETTA: Klassisk litteratur frå prærien og Amerika-pengane som kom i retur til Radøy, er tema på fagseminaret under årets Utvandningsfestival.



Av Silje Sæterdal Bøyum
silje@strilen.no

– Dette vert eit spennande og høgst aktuelt fagseminar som passar for alle interesserte, seier Asbjørn Ystebø, ein av initiativtakarane til Vestnorsk Utvandningsfestival på Sletta.

Han skal halda eit av fire føredrag på fagseminaret, som begynner klokka ni laurdag. I tillegg kjem ein fersk film som presenterer Amerikabrev.

Ein klassikar i amerikansk litteratur

Først på programmet står «Giants of the Earth», ei norsk bok som har vorte ein klassikar i amerikansk litteratur. Boka handlar norske emigrantar sitt møte med dei utfordringar og moglegheiter Amerika baud på.

Else Hegdal og Henriette Bauge presenterer boka, som har tittelen «I de dage» på norsk. Dei er begge er elevar ved Danielsen vidaregåande skule, og har studert eitt år i

USA, der dei har gått djupare inn i denne boka.

Norskspråklege media i USA

– Så kjem eit føredrag laga av Odd Lovoll, «the grand ol' man», frå St. Olaf College i Minnesota. Han er pensjonert professor som har skriva mykje viktig om temaet utvandring, seier Ystebø.

Føredraget handlar om utviklinga i det norske avis- og mediabiletet i Amerika. Det vert lest av Rolf Svellingen frå Universitetet i Bergen. Lovoll skulle komma sjølv, men har måtta avlysa, då kona døydde.

Amerikapengar og familiehistorie

– Sjølv tar eg for meg dei mange gardsbruka i Slettabygda og på Straume som vart bygde opp av amerikapengar, seier Ystebø.

Frå 1900 og fram til 1910-20 vaks det fram eit miljø av folk som arbeidspendla til Amerika. Dette var ei tid då det var lite og ingen pengar blant vanlege folk, så mange reiste ut på lønna arbeid. Dei kom heim etter 3-4 år, med det dei hadde tent, og kunne bygga opp lør og hus.

– Dette skjedd mange stader i landet, men ikkje mange andre stader kan visa til 15 gardsbruk på rekkje, slik tilfellet er her. Dette er ein historie som er ein del av familiehistoria for mange på Radøy. Det er òg høgst aktuelt med dagens situasjon, der mange reiser til Noreg frå Aust-Europa for lønna arbeid, seier Ystebø.



NYTT LIV: Familien Lie fotografert i Wisconsin i 1876. Biletet er frå utstillinga i kjellaren på Emigrantkyrkja på Sletta. (Foto: Marius Raknes).

Kenneth Bratland, forfattaren av Åsane-boka, vil deretter fortelja om «Ægir», den første båten som gjekk ut frå Hordaland med emigrantar som skulle til Amerika i denne perioden. Bratland vil òg fortelja om nokre av emigrantane som fekk innverknad i Amerika.

Fagseminaret vert avrunda med «Amerikabrevet», ein fersk film av Svekon film. Utvandningsfestivalen går føre seg på Sletta frå 1. til 3. juli med musikalske innslag, familieaktivitetar, utstillingar og fagseminar.

Ferietilbod

HAMMOCK ORD.PRIS : 1995,-



No kr. 1795,-

PUTER TIL POSISJONSSTOL
Flere farger. (illu. bilde)



Frå kr. 159,-

PUTEKASSE
Grå, solid.
Ord. kr. 795,-

595,-

OREGON sittegruppe 3-seter + 2 stoler + bord inkl. puter.



No kr. 4995,-
Ord. 8990,-

STORE FLOTTE SOMMARGEORGINER, ASS. FARGER



129,-

Sommersalg
på utvalgte modeller
av hagemøbler

ALLE KERAMIKKRUKKER



NO -50%

Din lokale gartner
BoGrønt Eikanger
Hagesenter



Opningstider i juli:
Man-ons. 10-18 - Tors.-fre. 10-19 - Laurdag 10-18 - Søndag 12-18
Sauvågen 251, Eikangervåg • Telefon 56 35 77 30

www.bogront.no

Følg oss på

